

Generelle råd til utarbeiding av gode trusopplæringsplanar

Når ein skriv trusopplæringsplan bør ein alltid ha i tankane at den skal kunne lesast av ein som ikkje kjenner lokale tilhøve og historie. Kven som helst skal kunne gå inn i planen og sjå kva som skal gjerast – og forstå korleis tiltaka skal utførast og kvifor ein gjer det slik. Gode og presise formuleringar er difor viktige.

Mål:

Kyrkjelyden sitt hovudmål skal beskrive kva kyrkjelyden vil med trusopplæringa og kva dei vil fokusere på. Det kan vere ein draum/visjon/eit stort «hårete» mål. Her er det kyrkjelyden som blir subjektet for målformuleringa/r. Ein kan aldri bli for tydeleg. «Vi vil, vi ynskjer, vi drøyer om» er formuleringar som er såpass vage at det er lett å glatte over det vi ikkje får til. «Vi skal, hos oss blir..» er formuleringar som gjer at vi kan måle korleis vi egentlig står til i forhold til kva vi ynskjer. Våg å bruke **målbare formuleringar**, dette vil hjelpe dykk til å evaluere; å sjå kva de lukkast i, og kva som kanskje må justerast. Planen skal vere eit godt arbeidsverktøy for dykk!

Grunnlag og særpreg:

Det skal vere mulig å lese seg til kva som særpregar kyrkjelyden og lokalsamfunnet, korleis levekåra er for born og unge. I einingar der det er fleire kyrkjer/sokn vil det vere viktig å få med kva som gjeld for kvart sokn, i tillegg til ei meir generell presentasjon av eininga.

Husk å ha med:

- Folketal/medlemstal
- Tal på døypte pr. kull
- Kyrkjer/sokn
- Skular og barnehagar
- Tilbod til barn og unge i lokalsamfunnet (alt; t.d. idrett, korps, kor, klubbar)
- Kristne barne- og ungdomsorganisasjonar
- Lokal historie, kultur og tradisjonar
- Særpreg for lokalsamfunnet: Arbeidsplasser, pendling, flytting, befolkningsprofil og andre kjenneteikn

Organisering og rammer:

Her handlar det om korleis ein organiserer seg for ei fornya trusopplæring og kva rammer ein har å arbeide ut i frå, som t.d.:

- Kva personlege ressursar de har i kyrkjelyden? Stab, uløna medarbeidarar...
- Kva økonomiske ressursar de har? Har kyrkjelyden t.d. gjevarteneste, kommunal støtte, eigenbetaling på tiltak...?
- Korleis er kontakten med barn og unge elles; skule/barnehage-kyrkjesamarbeid, etablerte kontinuerlege tiltak i kyrkja?
- Korleis vil de fordele ansvar for tiltaka?
- Korleis vil de organisere gjennomføring tiltak? Vil de bruke planleggingsdagar, helger, faste dagar, høgtider, historiske dagar?

- Korleis fordele tiltaka i løpet av eit år? (Årshjul...)
- Kva slag metodiske grep vil de bruke? (samlingar, vandringar, samlingar knytt til gudsteneste, leir, bu-heime leir, overnatting, konsert, inne/ute...?)
- Kva nasjonale breiddetiltak vil de integrere/ikkje integrere i planen?
- Skal nokon årskull slåast saman? Rullering av tiltak?
- Samarbeid med andre sokn/einingar på nokre tiltak?
- Korleis vil de organisere innhaldet? Vil de ha ein raud tråd frå 0-18 (lokal historie, Kristuskrans, kyrkjeåret, eit tema...)?
- Kva pedagogiske verkemiddel vil de elles bruke? Liturgi, gjentaking, utdeling av materiell...

Ha med **vedlegg** her som kan gje oversikt i planen:

- Årshjul for aktivitetar
- Oversikt over rullerande opplegg
- Barnehage/skule-kyrkjesamarbeidsplan
- Liste over materiell til utdeling
- Liste over tema og bibeltekstar som born og unge møter i trusopplæringa
- Liste over salmar og songar som born og unge møter i trusopplæringa (salmekanon)
- Framdriftsplan (når startar ein opp nye tiltak)
- Generelle vedlegg som gjeld heile planen (t.d. malar for rapportering av tiltak, ...)

Systematikk, samanheng og teologi:

Generelt er dette godt.

Hugs og å skrive bibelstad – ikkje berre kva forteljing de vil bruke.

Bruk side 16 og 17 i «Gud gir, vi delen» som sjekklister på om de har fått med tematikken som står der. Dette er pensumet i rammeplanen.

Dei sentrale dimensjonane:

Dei sentrale dimensjonane skal gjennomsyre alle tiltaka. Det handlar om å «kle på» ein ide. Når vi har ein ide om eit tiltak, skal vi kle på ideen med alle dimensjonane. Spørsmålet på kvart tiltak blir: Korleis skal vi på dette tiltaket ivareta medverknad frå barn og unge, samarbeid med heimen, gudsteneste osv. For å kunne svare på det, må vi seie litt om kva dei ulike dimensjonane dreiar seg om. Vi kan sjå på dimensjonane som ulike lag i ei kake; tar vi ut eitt stykke (jf. eitt tiltak) er alle dimensjonane med!

Tre spørsmål er viktige å ha gjort seg tankar om i forhold til kvar dimensjon og kunne sette ord på i kvar rubrikk:

A Kvifor er denne dimensjonen viktig?

B Kva skal vi gjere?

C Korleis skal vi gjere det?

Det kan og vere lurt å ha konkrete **mål** for kvar dimensjon. Gjerne eit hovudmål og fleire handlingsmål – husk då å vere konkret. Eksempel: «Vi skal utarbeide brosjyre for alle trusopplæringstiltak *innan 2017.*» Eller: «Vi skal ha medarbeidarfest kvar andre vår».



Prøv å ikkje bruke for mange ord likevel! Her er det også mogleg å ha vedlegg; t.d. kommunikasjonsplan, invitasjon/brev til familien, samarbeidsavtalar, kyrkjemusikkplan, misjonsavtale, faste liturgiske ledd etc.

Medverknad frå barn og unge:

- A Kvifor er denne dimensjonen viktig?
- B Kva skal vi gjere?
- C Korleis skal vi gjere det?

Tenk over: Born og unge som ressurspersonar – truande subjekt! Undre seg saman... Dette handlar om meir enn at dei som er på leiartrening får vere med som leiarar for tiltak for dei som er yngre. Eller handlar dette om borna er aktive deltakarar eller passive tilhøyrarar? Får borna forme tiltaka eller er alt fikst ferdig? Eller er det gjerne ein kombinasjon?

Samarbeid med heimen og familien:

- A Kvifor er denne dimensjonen viktig?
- B Kva skal vi gjere?
- C Korleis skal vi gjere det?

Tenk over: Handlar dette primært om foreldre og born, eller kan ein kanskje utvide til søsken, tante, onkel, besteforeldre og fadrar og? Er det riktig å avslutte dette samarbeidet rundt konfirmasjonstida? Dåpssamtalen som strategisk startpunkt for deltaking, medarbeidarskap etc.

Gudsteneste:


- A Kvifor er denne dimensjonen viktig?
- B Kva skal vi gjere?
- C Korleis skal vi gjere det?

Tenk over: Kva betyr det at alle tiltak skal vere knytt opp til gudstenesta? (Jf. planen Gud gir – vi deler s 29). Deltaking på gudsteneste, og/eller gudstenestlege element i tiltaka - som gir gjenkjenning når borna kjem på gudsteneste? Møtepunkt, tenande fellesskap (lokalt, nasjonalt, internasjonalt) – formidling av og deltaking i kristen tru, tradisjon og praksis; livstolking og livsmeistring. Involvering, tilrettelegging, deltaking... Har kyrkjelyden eit gudstenesteutval? NB! Arbeidet med gudsteneste og trusopplæring heng saman med planar for ny gudstenesteordning.

Oppfølging av frivillige uløna medarbeidarar:

- A Kvifor er denne dimensjonen viktig?
- B Kva skal vi gjere?
- C Korleis skal vi gjere det?

Tenk over: Korleis tar ein vare på dei uløna medarbeidarane i kyrkjelyden? Kva strategi har ein for tilrettelegging og oppfølging av frivillig teneste? Kven har bruk



for kven?? Som greinene på vintreet..., som eit lem på lekamen...; kyrkja er ikkje ein organisasjon, men ein organisme der alle deler er like viktige for å fungere! Bruk gjerne medarbeidarpermen som er utvikla i Bjørgvin bispedøme for idear til korleis dette kan gjerast; sjå www.kyrkja.no/bjorgvin

Tverrfagleg samarbeid:

- A Kvifor er denne dimensjonen viktig?
- B Kva skal vi gjere?
- C Korleis skal vi gjere det?

Tenk over: Kan det vere lurt å inkludere fleire enn berre staben når de gjeld dette punktet? Er det nokon av dei uløna medarbeidarane som har noko som kan vere verd å få med? Kva seier «Gud gir – vi delen» om ansvar og fordeling av oppgåver? Korleis er styrker og kvalifikasjonar fordelt? Korleis gjere kvarandre gode? Involvering <—> engasjement!

NB! Soknerådet har hovudansvaret for trusoppløringa i kyrkjelyden!

Samarbeid med barne og ungdomsorganisasjonane:

- A Kvifor er denne dimensjonen viktig?
- B Kva skal vi gjere?
- C Korleis skal vi gjere det?

Tenk over: Kan vi involvere organisasjonane endå meir? Samarbeidsavtalar? Korleis kan eit samarbeid bli vinn-vinn for begge partar? Gjensidig informasjon og marknadsføring... Kven sit på kompetanse, leiarar, deltakarar, kurstillbod, leirstader? Kan vi samarbeide med andre enn bare kristne organisasjonar (korps, turlag, idrett, historielag, velforeingar, etc.)?

Kommunikasjonsarbeid:

- A Kvifor er denne dimensjonen viktig?
- B Kva skal vi gjere?
- C Korleis skal vi gjere det?

Tenk over: Merkevarerbygging, omdøme, alminneleggjering... Størstedelen av jobben rundt eit tiltak dreiar seg om kommunikasjon! Alle kyrkjelydar bør ha ein kommunikasjonsstrategi. Lag ein enkel plan som seier korleis de skal kommunisere med borna, foreldra og medarbeidarane. (Dette bør ein også ha på kvart enkelt tiltak).

I ein god kommunikasjonsplan skal ein svare på 5 spørsmål:

- *Kva skal seiast?*
- *Til kven skal det seiast?*
- *Gjennom kva kanal/medium skal det seiast?*
- *Kva tid skal det seiast?*
- *Kven har ansvaret?*

I tillegg er det lurt å spørje seg:

- *Korleis vil de spreie informasjon via møtepunkt? (T.d. informere om søndagsskule på 4-årsbok utdeling). (Jf Samarbeid med org.)*
- *Kva kanalar/medium/verktøy vil de bruke for å kommunisere?*

- Korleis jobbar de for å kommunisere at tiltaka er for alle? (Jf. Inkludering og tilrettelegging)
- Korleis vil de ivareta den personlege kontakten?
- For dei som vil bruke facebook: Kven ønskjer de å nå? For kva aldersgruppe er det aktuelt å bruka denne kanalen? Er alle inkludert eller vil de ekskludere nokon ved å bruke denne kanalen? Har ein andre kanalar i tillegg? Har de retningslinjer for bruk av bilete på nettsider etc?

Inkludering og tilrettelegging:

- A Kvifor er denne dimensjonen viktig?
- B Kva skal vi gjere?
- C Korleis skal vi gjere det?

Tenk over: Er det lett å tenke i båsar her? Treng dei «flinke» også tilrettelegging? Er det nok å seie i frå, eller bør ein aktivt oppsøkje/finne born og unge som har særleg behov for tilrettelegging? Er det andre ikkje-medlemmer de vil inkludere i tilbodet om trusopplæring? NB! Dåpssamtalen er vesentleg også her! Informasjon... Kva betyr dette for utforming av materiell til trusopplæringa? Holdningar – handlingar... «for alle» korleis kommuniserer vi det – heile tida, i alt vi gjer?

Diakoni:


- A Kvifor er denne dimensjonen viktig?
- B Kva skal vi gjere?
- C Korleis skal vi gjere det?

Husk: «Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd («Plan for diakoni», sjå www.kyrkja.no)». Denne definisjonen kan med fordel vere med i planen!

Tenk over: «Soup, soap, salvation» (Frelsesarmeen sitt slagord). Er alle elementa i definisjonen på diakoni med i planen? På kvart tiltak? Kva tenker de om eigenbetaling på tiltaka i forhold til dei som er dårleg stilt økonomisk? Korleis vil de fange opp born og unge i sorg? Er det mulig å ha nokre trygge vaksne på alle tiltak som bare har som oppgåve å sjå at alle har det bra? Er det mulig at born og unge får omsorgsoppgåver i kvart tiltak? Holdning – handlingar... kristen tru i praksis; kommuniserer vi det – heile tida, i alt vi gjer? Har de strategiar for å følgje opp vidare born og unge som de oppdagar ikkje har det bra, eller har blitt utsett for overgrep? Korleis vil de førebyggje at nokon blir utsette for overgrep? Sjå www.kyrkja.no/bjorgvin - Regelverk og skjema – HMT.

Musikk og kultur:

- A Kvifor er denne dimensjonen viktig?
- B Kva skal vi gjere?
- C Korleis skal vi gjere det?



Tenk over: Kunst og kultur er meir enn musikk og song – t.d. dans, drama, forteljing, biletkunst, skulpturar, film, digitale uttrykksformer, arkitektur, utsmykking, symbol! Korleis blir t.d. kyrkjekunsten utnytta i trusopplæringa? Kva andre kulturuttrykk møter born og unge gjennom trusopplæringa? Er det kultur-tiltak lokalt som ein kan spele på lag med? Husk at born og unge er aktive kunstutøvarar! Kva sansar («intelligens») blir stimulert i formidlinga av tru gjennom musikk og kultur? Korleis gjere bruk av musikk og kultur som gjennomgåande pedagogiske grep i trusopplæringsplanen? Husk at samisk kultur også er vår kultur! Sjå www.kyrkja.no Plan for kyrkjemusikk og www.salmeslag.no for bruk av ressursar til salmar og songar.

Misjon:

A Kvifor er denne dimensjonen viktig?

B Kva skal vi gjere?

C Korleis skal vi gjere det?

Les kyrkjemøtevedtaket KM07/12. (www.kyrkja.no - besluttende organer - kirkemøtet/kyrkjemøtet 2012)

Tenk over: Kva betyr dette heilt konkret for korleis misjon skal bli synleg i trusopplæringsplanen? Kva handlar misjon om? Å dele – og ta imot... korleis ivaretar vi dette perspektivet i planen vår? Har kyrkjelyden misjonsavtale eller misjonærar frå området? Korleis kan dette arbeidet/desse misjonærane få ein plass i trusopplæringa? Kan de utfordre misjonsorganisasjonane til å hjelpe til med konkrete opplegg? Har våre nye landsmenn ein plass i planen? Holdning – handling... Vi har fått eit oppdrag, er vi medvitne om det alltid, over alt? Tips til misjon: www.menighetogmisjon.no

Tiltaka:

Målformulering

Dersom **målformuleringane** ikkje er på plass, og får dette konsekvensar for heile tiltaka. Det blir fort at ein skriv målet for kyrkjelyden, formulerer prosessen barnet skal gjennom eller skriv arbeidsmåtar i staden for mål for tiltaket. **Målet er der barnet ideelt sett er når tiltaket er gjennomført**, difor er formuleringar som «Barnet kan, kjenner til, veit at, har kunnskap om, opplever...» dei beste å bruke. Ved å bruke *presens* er det tydelig kvar målet er – og ein blandar det ikkje med vegen til målet.

Er ikkje målet klart, er det heller vanskeleg å fylle ut kva som skal vere på livstolkning og livsmeistring, kyrkja si tru og tradisjon og kristen tru i praksis. Trusopplæringsplanen er ein læreplan, det betyr at på kvart tiltak er barnet subjektet i målformuleringa.


Nokre eksempel:

Barnet fullfører pilegrimsvandringa og kjenner historia bak pilegrimsleia vi går.

Barnet kjenner innhaldet i pinsa og veit kven Bibelen seier Den Heilage Ande er.

Barnet kan slå opp i Bibelen.

Barnet kan Fader Vår.



Barnet kjenner historia til kyrkja vår og grunnriset i den lokale kyrkjarahistoria.
Barnet har erfart nattverden og veit kvifor vi feirer den.
Barnet opplever at dei kan bidra i gudstenesta.

Målet skal vere målbart, altså skal du kunne gå til barnet som har vore på tiltaket etterpå og spørje om kva det har lært/erfart - og dersom de har nådd målet, så gjev barnet dei svara ein vil ha. (NB! Dei fyrste åra blir gjerne målet formulert gjennom foreldra, men hugs at også på eit tiltak som babysang kan ein ha mål formulert til barnet.)

NB! Det er forskjell på kyrkjelyden sitt hovudmål for heile trusopplæringa og kva som er målet for kvart tiltak.

Livsmeistring og livstolkning er og ein kategori som kan vere utfordrande å formulere seg i. Ord som «reflektere» er mykje brukt, og det er lite konkret i dei fleste høve. Ver konkret her og. Våg å lage formuleringar som de lett kan sjå om de greier å fylgje opp. «Kva betyr dette (dvs. temaet for samling/tiltaket) for meg i mitt liv?» er eit sentralt spørsmål her.

Eksempel:

Vi undrar oss saman over kva det betyr at Jesus er vår venn.

Diakoni i praksis – om å vere Jesu hender og føter.

Forvaltansvaret/vern om skaparverket – kva er konsekvensen av livet vi lever i dag og kva kan vi gjere med det?

Kva betyr dei ti boda i dag? Konsekvens av handlingar.

Er Jesu oppstode relevant for mitt liv?

Kan Gud bruke alle?

Er eg god nok? Kva Bibelen seier om menneskeverd.

Kropp, sjølvbilete og seksualitet – kva seier Bibelen om det? Kvifor skal eg høyre på det i dag?

Her er det viktig å ha med tematikken rundt kropp, sjølvbilete, identitet, seksualitet og kjærleik. Dette er ein stor del av liva våre, og det kan vere mykje som blir gjort som ikkje kjem fram i planane - sørg for at det blir synleg. Denne tematikken bør kome lenge før konfirmanttida. Skulen behandlar temaet i alle fall i 10-årsalder!

Tru og tradisjon

I denne rubrikken skal kjeldene presenterast; bibeltekstane, bønene, salmane, kunsten, kyrkjarahistoria osv. som ligg til grunn for tiltaket og blir brukt i tiltaket. Ein god huskeregel er å her presenterer i **substantiv**-form.

Kristen tru i praksis

«Kva gjer vi som kristne?» er eit underliggende spørsmål i denne rubrikken. Her handlar det om å vise til kristen praksis som blir øvd eller lært i tiltaket; **å** lese bibelen, be, synge, delta i nattverd, oppleve fellesskap, lytte, hjelpe obs. Stikkordet her er **verb**!

Å bruke substantiv-form i «tru og tradisjon» og verb-form i «kristen tru i praksis» er nyttig nettopp for å skilje desse to rubrikkane frå kvarandre og gjere planen ryddig og oversiktleg.

Timetal:

Den lokale planen skal vere **realistisk** med omsyn til omfang og innhald. Å ha gode tiltak på alle alderstrinn er viktigare enn timetalet. I utgangspunktet har ein tatt vekk 315 timar med trusopplæring i skulen, og vi skal kompensere dette, men planen er ikkje fullfinansiert. Likevel kan ein klare eit bra timetal med små ressursar dersom ein organiserer seg smart. Dersom ein har tiltak for fleire årskull samtidig, tel ein timane for kvart kull. (1,5 time for 4-5-6 år =4,5 timar samla). Det som er viktig å tenke på her er at ein skal ha kapasitet til å kunne ta imot heile årskulla. Ei generell rettesnor er: **Mest mogleg trusopplæring, for flest mogleg born, best mogleg!**

- Konfirmasjonstida **SKAL** vere minimum 60 klokketimar.
- Tiltak over fleire døgn har 8 timar pr. dag som maksimum. (t.d. Lys Vaken med overnatting kan teljast som 16 timar)
- Gudsteneste kan generelt teljast som 2 timar, det er ofte både oppmøte før og kyrkjekaffi eller liknande etterpå når born og unge skal delta.

Når planane vert vurderte ser ein på heilskapen av kyrkjelyden sitt arbeid, det er difor viktig å **få fram det kontinuerlege arbeidet** under «andre tilbod til barn og unge i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonan». Dette viser korleis tiltaka i planen samhandlar med resten av kyrkjelyden sitt arbeid.

Bruk rådgjevarane på bispedømekontoret:

Rådgjevarane på bispedømekontoret har spesialkompetanse på sine felt og vil gjerne bidra til å finne gode løysingar for lokalkyrkjelyden. Det kan vere ein god ting å ta kontakt med dei dersom ein er usikker på korleis ein skal møte utfordringar enten knytt til dei sentrale dimensjonane eller i det enkelte tiltaket.

Fagfelte som har eigne rådgjevarar er:

- Diakoni
- Misjon
- Integreering
- Miljø, forbruk og rettferd/grøne kyrkjelydar
- Kultur
- Kommunikasjon
- Gudsteneste
- Ungdomsdemokrati
- Undervisning og trusopplæring

For meir informasjon sjå nettsidene: www.kyrkja.no/bjorgvin

Verktøy og ressursar på:

www.storstavalt.no www.ressursbanken.no

August 2014



DEN NORSKE KYRKJA
Bjergvin bispedøme



STØRST AV ALT
TRUSOPPLÆRING I DEN NORSKE KYRKJA